





LAG EIN FIGUR



LAG EIN FIGUR

Hensikt

I denne leiken blir barna kjend med ulike geometriske formar, samstundes som dei er i rørsle.

Utstyr

Fleire utklipte formar i ulik storleik (ein må ha fleire av same form)

Forklaring

1. Legg dei utklipte formane på golvet i den eine enden av leikeområdet.
2. Samle barna på den andre sida.
3. Deretter får barna i oppgåve å hente seg ei og ei form for å lage eit bilet (t.d. ein buss -kva former treng barna å hente for å byggje ein buss?).

Tips

- Den vaksne kan styre kva barna skal byggje, eller barna kan få friare oppgåver der dei er kreative og etterpå skal forklare kva dei har bygd.

Variasjon

- Ein måte å variere leiken på er om barna arbeider åleine, i par eller i små grupper.
- For å gjere leiken meir motorisk utfordrande, kan ein kan leggje inn ei hinderløype som barna spring gjennom for å hente formane.